



Salmiakk er effektivt mot brunsniglane. Rådet kjem frå ein utflytta uskedeling.

- Bruk salmiakk mot brunsniglen! Det er det råd ein utflytt uskedeling, Reidunn Myklebust, kjem med etter at uskedalen.no skreiv om den veksande snigleplagen. Ho bur no i Larvik.

Reidunn fekk heile hagen sin invadert av små brunsniglar. Då prøvde ho eit råd ho hadde fått om å blanda ein del salmiakk med to delar vatn i ei hagesprøyte. Så sprøyta ho heile plenen. Den var like fin, men sniglane døyde momentant.

Etter dette har ho berre hatt ein og annan brunsnigle på besøk og dei har ho plukka opp i ein mjølkekartong tilsett litt salt i botnen.